



# ÅRSMELDING 2015

Orkesteret Fossegrimen er eit regionalt symfoniorkester for Voss og grannekommunane, som vil arbeida for og utvikla orkestermusikk gjennom opplæring, motiverande aktivitetar og god organisering.

Dette vil orkesteret nå ved å:

- vera eit aktivitetstilbod for interesserte musikarar, amatørar og fagutdanna;
- arbeida for symfonisk musikk i det regionale musikk- og kultur- livet, og samarbeida med einskildpersonar, kultur- organisasjonar og andre institusjonar;
- bringa "levande" orkestermusikk ut til publikum i heile regionen med regelmessige konsertar;
- ha eit nært samarbeid med musikkutdanningsinstitusjonar i regionen og vera eit mål å arbeida mot for elevar her.

# 2015

## ÅRSMØTET

Orkesteret Fossegrimen sitt årsmøte vart halde i Voss kulturhus mandag 13. april 2015 i samband med ei orkesterøving.

Styret si årsmelding for 2014 vart lagt fram for medlemene, drøfta og godkjent av årsmøtet.

Den reviderte rekneskapen for 2014 viste eit samla underskot på kr. 109.013,- som vart ført mot eigenkapitalen. Orkesteret har pr. 31.12.14 ein negativ eigenkapital på kr. 204.680,- Rekneskapen vart lagt fram og godkjent av årsmøtet. Ulike tiltak for å betra den økonomiske stoda vart drøfta.

Kontingent for 2015 vart fastsett til kr. 500,- pr. semester for vaksne, kr. 250,- pr. semester for studentar/skuleelevar (uendra frå i fjor).

I tråd med vedtektene vart det gjort fylgjande val:

Styreleiar vald for 1 år: **Peder Ringdal.**

To styremedlemer valde for 2 år: **Brynjulv Norheim** og **Knut Brunvoll.** Dei to andre styremedlemene, Halvard Bjørgo og Bridget Penny, var ikkje på val.

Tre varamedlemer til styret valde for 1 år: **Christiane Wiemann Lid, Erling Tillung** og **Håkon Asheim.**

To medlemer til programnemnda valde for 2 år: **Friedemann Erchinger** og **Gunn-Berit Kleiveland.**

To ettersynsmenn valde for 1 år: **Jostein Bøyum** og **Ann Merete Handegård.**

Tre medlemer til valnemnd valde for 1 år: **Ottar Styve, Arne Andersen** og **Olav Dolve Afdal.**

Andre saker vart ikkje handsama på dette årsmøtet.

## STYRET

Styret har i 2015 vore slik samansett: Peder Ringdal (leiar), Halvard Bjørgo (nestleiar), Brynjulv Norheim (kasserar), Knut Brunvoll (skrivar) og Bridget Penny (styremedlem). Varamedlemer har vore Christiane Wiemann Lid, Erling Tillung (noteforvaltar) og Håkon Asheim.

I 2015 har styret hatt 8 styremøte og har handsama tilsaman 59 protokollførde saker. Viktige saker har - som tidlegare år - blitt tatt opp på øvingane for at medlemene skulle vera grundig informerte.

Styret har eit eige arbeidsutval med leiar, nestleiar, kasserar. I 2015 har dette utvalet hatt fleire møte og drøftingar omkring økonomiske og praktiske spørsmål som gjeld orkesterdrifta.

Andre oppgåver som styremedlemene i Fossegrimen har hatt i 2015: Halvard Bjørgo har vore styremedlem i Voss Musikkråd, og han har vore Fossegrimen sin representant i Kontaktutvalet for distriktsmusikar-ordninga og i Samarbeidsutvalet ved Voss kulturskule. Ein merkjer seg at det heller ikkje dette året har vore noko møte i desse to utvala. Fossegrimen har sidan hausten 2004 vore medarrangør av den årlege Osafestivalen siste helga i oktober. Brynjulv Norheim har heile denne tida vore orkesteret sin representant i festivalstyret. Bridget Penny har vore styremedlem i Voss kulturråd.

## ØKONOMIEN

For å driva eit orkester som Fossegrimen er det trong for rundt kr. 900.000 kvart år, sjølv med harde sparetiltak og stor eigeninnsats. Orkesteret får fast årleg driftsstønad frå Voss kommune og Hordaland fylkeskommune. Andre kommunar i regionen yter tilskot til einskildprosjekt/konsertar. Det meste av desse tilskota går attende til det offentlege i form av skattar og avgifter og kjøp av tenester. Ein merkjer seg at orkesteret årvisst betalar attende til Voss kommune rundt kr. 100.000,-

meir enn det vi får i stønad frå kommunen. Kvart år får orkesteret i tillegg god støtte frå næringslivet på Voss gjennom sponsoravtalar og ved annonseteikning i årsprogramheftet vårt. I oktober 2013 gjorde vi avtale med Voss Sparebank om at banken skal vera Fossegrimen sin hovudsponsor for perioden 2014-2016. Voss Rekneskapslag har ført rekneskapen vår. Utanom kostnadene med rekneskapsføringa har orkesteret vore drive mest utan administrasjonskostnader.

Rekneskapen for 2014 viste eit driftsunderskot på heile kr. 109.013,- Dette uroar styret i stor grad. Både inntekter og utgifter gjekk ned i høve til året før, men inntektene monaleg meir enn utgiftene. Billettinntektene viste ein markert nedgang (knappt 40%) i høve til året før. Dei offentlege tilskota har stått meir eller mindre i ro gjennom fleire år og har ikkje fylgt den generelle kostnadsutviklinga i samfunnet. Dei reelle personalkostnadene var omtrent uendra i 2014 i høve til året før og utgjorde om lag 80% av dei samla driftsutgiftene, men kostnadane med å halda konsertar var gått opp. Dette skuldast i særleg grad trongen for kjøp av tenester frå yrkesutdanna musikarar til konsertane våre.

Når det gjeld driftsresultatet for 2015 viser vi til den reviderte rekneskapen, som vert lagt fram på årsmøtet. Orkesteret sin økonomiske situasjon er svært vanskeleg og har også dette året sett store krav til styret si tid og krefter. Særleg har det i år vore lagt vekt på å gjennomføra lågkostnadsprosjekt med mindre bruk av innleigde musikarar og å unngå opplagde tapsprosjekt. Men kostnadsnivået aukar år for år, og når dei faste tilskota frå det offentlege ikkje aukar i tilsvarande grad samstundes som billettinntektene er så usikre, vert det meir og meir krevjande å få drifta i balanse.

## HEIMESIDE PÅ INTERNETT

Orkesteret Fossegrimen si heimeside på Internett: <http://www.fossegrimen.no> vart etablert og sett i drift i mars 2009 gjennom Hardanger IT&Web Kjartan Haugen, som også har vore til god hjelp seinare. I 2015 var det tilsaman 1505 vitjingar på sida. I 2011 vart katalogen til Fossegrimen sitt notearkiv lagt inn på heimesida, og her kan medlemene gå inn og sjå kva orkesteret har av notar. Opplysningar om dei ulike musikkverka, som t. d. besetning, tid og stad for framføringar og evt. med kva solistar, er tatt med her. Fossegrimen har òg si eiga Facebook-side, oppretta i 2011. Her er informasjon om orkesteret si verksemd, og sida er meint å skapa merksemd kring orkesteret sine konsertar. Den fungerer òg som kanal for tilbakemelding frå publikum.

## ORKESTERØVINGANE

Fossegrimen har i 2015 hatt øvingane sine i Kultursalen i Voss kulturhus. Likeeins har gruppeøvingane vore haldne i kulturhuset. Fast øvingsdag har som før vore mandagar kl. 18-21 med servering (kjøp) av kaffi, te, saft og ferdigsteikte vafler i pausane – til stor glede for alle i orkesteret. I tillegg har det vore nokre ekstraøvingar.

## INSTRUMENT – NOTAR – UTSTYR

Fossegrimen har pr. 31.12.15 i si eiga:

2 fiolinar m/kasser. 4 fiolinbogar i eiga kasse. 1 dobbelt fiolinkasse. 1 bratsj m/boge og kasse. 3 celloar alle med trekk, 2 av dei med bogar. 1 kontrabass m/boge og trekk. 1 obo. 1 A-klarinet. 2 waldhorn. 2 pauker (26' & 29') med trekk. 1 triangel. 1 bekken med stativ. 1 gran cassa med trekk og stativ. Ulike slagverksklubber og -utstyr.

I tillegg eig orkesteret 2 oboar, 1 A-klarinet, 1 fagott, 3 waldhorn og 2 pauker - alt av høg alder og ikkje brukbare.

I notearkivet vårt er det pr. 31.12.15 tilsaman 805 titlar, mange nye verk er komne til i 2015. I tillegg har orkesteret ei samling med 84 studiepartitur av ulike orkesterverk.

Anna utstyr i orkesteret si eiga: 40 notestativ med 5 tilhøyrande kasser for lagring (nytt i 2015, gåve frå Sparebankstiftinga Hardanger). 50 samanleggare notestativ med 2 tilhøyrande aluminiumskasser for lagring. 33 større notestativ med 33 tilhøyrande brett. 40 batteridrivne LED-lampar til note-stativ. 47 enkle lampar med straumkablur til notestativ. Dirigentpult. 2 lampar til dirigentpult. Dirigentpodium. Solistpodium. 4 høge krakkar. 7 dagslys-lampar. Div. elektriske kablar og kontaktar. 86 aluminiumsbein av ulike lengder til scene-element (12 stk à 59cm, 62 stk à 25cm, 12 stk à 21cm). 1 stor presenning. 1 kopimaskin, type Ricoh Aficio MP1600.

Fossegrimen har sidan 01.01.06 leigd rom i kjellarhøgda i Vangsgt. 42 for lagring av instrument, notar og div. utstyr.

## REKRUTTERING

Rekrutteringa til orkesteret har også i 2015 vore skuffande, tilsiget av yngre musikarar som skal driva orkesteret vidare er langt frå tilfredstillande. Det er trong for både strykarar og blåsarar. Rekrutteringa er heilt avgjerande for at Fossegrimen skal ha ei framtid. Mangel på faste musikarar gjer at vi må leiga inn ekstramusikarar til konsertane våre for at vi skal halda eit tilfredstillande kvalitetsnivå, noko som igjen medfører vesentlege meirkostnader for orkesteret. På styremøte 14. januar, der også dirigenten var med, var grundig drøfting av dette problemet einaste sak. Tettare og meir dynamisk samarbeid med kulturskulen, opplæring av unge vaksne, endring av programprofil med musikk med lågare vanskegrad og meir tilpassa ungar og familie, færre konsertprosjekt i året og meir samarbeid med andre lag var moment som kom fram på dette møtet. Styret har i 2015 arbeidd ut frå dette og har til ein viss grad lukkast. Sommarkonsertane i mai var eit samarbeidsprosjekt mellom Fossegrimen og kulturskulane i Voss, Osterøy og Lindås, der programmet var tilpassa elevane sitt musikalske utviklingsnivå og solistane var ungdomar. Foreldre saman med lærarar i kulturskulane gjorde ein imponerende innsats for å tilpassa og innstudera programmet, og for å få i stand seminar og gjera heile prosjektet meir spanande for elevane. Dette var eit gjennom vellukka prosjekt i så måte. Elles har elevar frå Voss kulturskule vore med og spelt i orkesteret i deler av fleire av dei andre konsertprogramma, og vi vonar å få til eit fastare og meir strukturert samarbeid med dei kommunale kulturskulane i regionen og med musikklinene ved Voss Gymnas og Voss Folkehøgskule i håp om at det kan betra rekrutteringa på sikt. Likeeins arbeider vi med å få motivert vaksne, som enten har spelt eit relevant instrument tidlegare eller som ynskjer å læra å spela, til å vera med i orkesteret.

## UNGDOMAR I ORKESTERET

Som tidlegare år har vi også i 2015 hatt med nokre unge musikarar i Fossegrimen, kulturskuleelevar og elevar ved Musikklinja på Voss gymnas. Men vi skulle gjerne sett at fleire unge kom fast med i orkesteret. Eit oversyn viser at nærare 20 musikarar under 26 år har vore med på eitt eller fleire prosjekt dette året, noko som tilsvarar knapt ¼ av alle dei medverkande musikarane i orkesteret.

## ÆRESMEDLEMER

Orkesteret Fossegrimen har gjennom tidene utnemnd fem æresmedlemer: Leiv Gjerskvål, Johannes Hellene, Sigurd Petersen, Olav Berge og Gaute Sandvik. Nye æresmedlemer er ikkje utnemnde i 2015.

## DIRIGENTEN

Dagfinn Rohde har også i 2015 hatt ei stø og trygg hand med Fossegrimen si musikalske utvikling. Han har vore fast dirigent og kunstnarleg leiar for orkesteret samanhengande sidan hausten 1991 og er såleis ved årsslutt i sin 25. sesong her. Av dei 8 faste dirigentane Fossegrimen har hatt gjennom si snart 100-årige historie er han den som har vore lengst. I desse nesten 25 åra har han gjort eit stort arbeid for å heva det musikalske nivået til orkesteret, og dei pedagogiske evnene hans er framifrå. Vi er svært heldige som har han som vår faste dirigent. Øvingane er trivelege og utviklande med fin balanse mellom alvor og skjemt, og under den dugande musikalske leiinga hans har orkesteret også i 2015 gjennomført store og krevjande oppgåver med vellukka resultat.

## GRUPPELEIARAR

I 2015 har Orkesteret Fossegrimen hatt desse gruppeleiarane:

Konsertmeistar:	*Edyta Bryk (vikar)
2. violin:	Knut Brunvoll
Bratsj:	Eugenio Meneghel
Cello:	*Gunn-Berit Kleiveland
Treblåsarar:	*Øystein Haga
Messingblåsarar:	Brynjulf Styve

Det er særst viktig for orkesteret at det er dugande og inspirerende musikarar som kan ta ansvaret for instruksjon og leiing av alle dei gruppene som er nemnde ovanfor. Distriktsmusikarane (merkte med \*) er viktige i denne samanhengen, og arbeidet i Fossegrimen utgjer omlag 20% av kvar av stillingane deira.

## MUSIKARAR

I 2015 har Orkesteret Fossegrimen hatt desse muskarane:

<b>Fiolin:</b>	Helga Hjetland (permisjon) Edyta Bryk Zhou Hui-lin Håkon Asheim	Knut Brunvoll Brynjulv Norheim Kristoffer Fløtberget Sara Davidson
<b>Bratsj:</b>	Eugenio Meneghel Ottar Styve	Olav Berge Amir Balali Alsofi (H2015)
<b>Cello:</b>	Gunn-Berit Kleiveland Svein Fostås Friedemann Erchinger	Christiane Lid Andrea Jasper
<b>Kontrabass:</b>	Peter Palotai	
<b>Fløyte:</b>	Øystein Haga	Ann Merete Handegård
<b>Klarinett:</b>	Halvard Bjørge	Randi Farestveit Eikefjord
<b>Fagott:</b>	Erling Tillung	Peder Ringdal
<b>Waldhorn:</b>	Alexander Aluf (V2015)	Arne Andersen
<b>Trompet:</b>	Jostein Bøyum	Olav Dolve Afdal
<b>Trombone:</b>	Brynjulf Styve Tove Haukås Fosse	Frank B. Klebo Arne Fossberg
<b>Pauker/slagverk:</b>	Bridget Penny	
<b>Cembalo/klaver/synthesizer:</b>	Astrid Gjestvang	

I tillegg har desse muskarane vore med på einskildprosjekt:

Linda Rea-Herland (1. fiolin)	Sylwia Harasiuk (2. fiolin)
Elzbieta Stordal (1. fiolin)	Ivar Elvik (2. fiolin)
Mari Persen (1. fiolin)	Olav Stordal (2. fiolin)
Eila Fjose (1. fiolin)	Torgeir Storaas (2. fiolin)
Christine Schneider (bratsj)	Birgitte Noack Presteseter (bratsj)
Magne Elvik (bratsj)	Terje Torgersen (bratsj)
Åshild Brunvoll (cello)	Alfred Sundal (cello)
Ane Lassen (kontrabass)	
Ingeborg Bryn Ekehaug (fløyte)	Solfrid Himle (fløyte)
Svein Olav Sandvik (obo)	Florian Geyer (obo)
Sigrid Elena Hauge (obo)	Julie Røssland (klariunett)
Morten Westerfjell (waldhorn)	
Marius Fevang Thorstensen (trompet)	Trond Remme (trompet)
Eivind Johnsen (tuba)	Øystein Dahl (tuba)
Vidar Vangen (slagverk)	Ørjan Midthun Øye (slagverk)
William Utvær Bernes (slagverk)	
Anne Lise Fjelland (synthesizer)	Nina Mork Brunvoll (synthesizer)

## SOLISTAR

Desse har vore solistar med Orkesteret Fossegrimen i 2015:

Alexander Aluf – waldhorn (22.03.)  
Maria Tysse – althorn (30.05., 31.05.)  
Julie Røssland – klarinett (30.05., 31.05.)  
Åshild Brunvoll – cello (30.05., 31.05.)  
Vanja Vatile – vokal (30.05, 31.05.)  
Kristoffer Kleiveland – toradar (30.05., 31.05.)  
Håkon Asheim – fiolin (15.09.)

Edyta Bryk – fiolin (15.09., 13.12.)  
Elise Varne – sopran (13.12.)  
Øystein Haga – fløyte (13.12.)  
Ann Merete Handegård – fløyte (13.12.)

## ANDRE MEDVERKANDE

I tillegg har desse medverka på konsertar i 2015:

Peder Ringdal – konferansier (22.03.)  
Elevar frå Voss kulturskule (22.03., 30.05., 31.05., 13.12.)  
Elevar frå Osterøy og Lindås kulturskular (30.05., 31.05.)  
Kristoffer Kleiveland – konferansier (30.05., 31.05.)  
Ragnhild Blikberg – konferansier (25.10.)  
Voss Spelemannslag (25.10.)  
Fossegrimens prosjektkor 2015 (13.12.) Korinstruksjon: Lars Ragnvaldsen.

## DIRIGENTAR

På alle konsertane i 2015 (unnateke 15.09.) har Fossegrimen vore dirigert av:

Dagfinn Rohde

## KONSERTAR

Orkesteret Fossegrimen har i 2015 hatt fem ulike konsertprogram framført på i alt 6 konsertar:

Søndag 22.03.:	Voss kulturhus – Orkesterkonsert
Laurdag 30.05.:	Valestrand skule – i samarbeid med Osterøy, Lindås og Voss kulturskular
Søndag 31.05.:	Gamlekinoen, Voss – i samarbeid med Osterøy, Lindås og Voss kulturskular
Tirsdag 15.09.:	Park Hotell Vossevangen – under Sylvsmidja A/S sin 75-års jubileumsmiddag
Søndag 25.10.:	Nain, Voss – i samarbeid med Voss Spelemannslag og Osafestivalen 2015
Søndag 13.12.:	Nain, Voss – Orkesterkonsert med solistar og Fossegrimens prosjektkor 2015

## ÅRET 2015

Repertoaret på det første konsertprosjektet vårt dette året var sett saman av musikk frå tre ulike århundre, og det vart framført søndag 22. mars i Voss kulturhus. Konserten opna med *Die Moldau* av Bedrich Smetana og *Slavisk dans*, opus 46 nr. 8, av Antonín Dvorak, begge frå slutten av 1800-talet, og begge i tilskiping for skuleorkester. 4-5 elevar frå Voss kulturskule var med og spelte det første stykket. Alexander Aluf, til dagleg waldhornist i Bergen Filharmoniske Orkester, har vore med oss dei siste åra, og denne gongen fekk han i oppgåve å vera solist i Wolfgang Amadeus Mozart sin hornkonsert nr. 3 i Ess-dur frå 1783, ei oppgåve han løyste med glans. Hovudverket på konserten var frå det 20. hundreåret: Symfoni nr. 2 av den tysk-amerikanske filmkomponisten Kurt Weill, skriva i 1934. Dette var ei utfordrande oppgåve for orkesteret med uvante harmoniar, tonegangar og rytmar. Men dirigenten Dagfinn Rohde hadde alt under kontroll og losa orkesteret trygt gjennom dei krevjande partia. Publikum var svært nøgd, og mange gav uttrykk for ei stor oppleving ved å høyra Weill sin ukjente symfoni.

Samarbeid med kulturskulane og satsing på å få med ungdommar i orkesteret er blitt ei merkesak for Fossegrimen. Vi vil gjerne gi dei unge ei god oppleving av å spela i eit stort orkester og samstundes gi dei røynsle i orkestersamspel i håp om at dette kan betra rekrutteringa til orkesteret. I slutten av mai var det såleis klart for eit stort samarbeidsprosjekt med kulturskulane i Osterøy, Lindås og Voss. Programmet var tilpassa dei unge musikarane, og alle solistane var, eller hadde nyleg vore, elevar i kulturskulen – to frå Osterøy og to frå Voss. Lærarane arbeidde heile vinteren og våren med innstudering av musikken og heldt fleire seminar med elevane. Særsluttukka var seminaret med overnatting på Valestrand skule som oppstart til konserthelga, der mange foreldre var med og gjorde sitt til at ungdomane skulle trivast. Her vart vi mottekne på best mogeleg vis, engasjerte foreldre på

Osterøy hadde laga og serverte oss herlege smøbrød, kaker og kaffi, og kulturskulerektor Frank Windt stod for den praktiske tilrettelegginga av konserten og hadde i tillegg arrangert eit par av musikkstykk. Og programmet var omfattande: etter Geirr Tveitt sin *Velkomne med æra* var Maria Tysse (17) solist på althorn i ein sats frå Mozart sin 4. hornkonsert og Julie Røssland (15) solist på klarinett i eit arrangement av Ole Bull sitt *Et Sæterbesøg*, begge med flotte prestasjonar. Etter Edvard Grieg sin *Norsk dans*, opus 35 nr. 2, for orkester, gav Åshild Brunvoll (17) på cello ei overtydande tolking av Edward Elgar sitt kjende stykke *Salut d'Amour*. Vanja Vatle (15) nådde like til finalen i Grand Prix Junior hausten 2014 med den sjølvkomponerte songen sin *Du stod der og lo*, og med eit nytt arrangement av Frank Windt hadde ho heile Fossegrimen i ryggen i den vakre framføringa si. I Henry Purcell sin *Rondeau* fekk strykarane prøva seg åleine, og i det kjende hovudtemaet frå musikken til filmen *Flåklypa* av Bent Fabricius-Bjerre, her i eit arrangement av Frank Windt, fekk konferansieren Kristoffer Kleiveland vist at han også er ein svært habil toradar-spelar. Avslutningsnummeret var eit arrangement for stort orkester av Klaus Badelt sin musikk til filmen *Pirates of the Caribbean*. Alt dette vart framført på Valestrand skule laurdag 30. mai og i Gamlekinoen på Voss dagen etter, og orkesteret vart leia av Dagfinn Rohde. "Ei herleg og mangslungen symfonisk oppleving for dei frammøtte" står det å lesa i avisa "Bygdnytt". Og eit gildt og minnerikt prosjekt for orkesteret.

I år er det 75 år sidan vossaverksemda Sylvsmdja A/S starta opp, og i samband med ein jubileumsmiddag som vart halden for handelspartnarane tirsdag 15. september på Park Hotell Vossevangen var Fossegrimen beden om å spela. Vi sette saman eit program med stort sett kjende stykke for salongorkester, og 14 musikarar frå Fossegrimen (denne gongen utan dirigent) framførte dette under middagen – til stor glede og jubel for dei vel 50 gjestene. Håkon Asheim overtydde som solist i *Czardas* av Monti, og likeeins Edyta Bryk i *Jalousie* av Gade. Denne typen oppdrag har det vore lite av dei seinare åra, så mindre grupper av orkesteret bør absolutt kunna tilby meir av denne typen musikk til lag og organisasjonar.

Dei siste åra har Fossegrimen ofte sett eit endeleg punktum for Osafestivalen, og søndag 25. oktober var det klart for eit samarbeid med Voss Spelemannslag om avslutningskonserten. I år er det 100 år sidan spelemannen Lars Skjervheim vart fødd, og programmet var lagt opp som ein hyllingskonsert til han med leiaren i Voss Spelemannslag, Ragnhild Blikberg, som konferansier. I tillegg til å vera ein framifrå spelemann og pedagog komponerte Lars Skjervheim også godt over 300 slåttar, og Voss Spelemannslag framførte først nokre slåttar av og etter han. Det var solospel på hardingfele av Margunn Blikberg Nordgård, Håkon Høgemo og Leif Rygg, som også fortalde om læremeisteren og den gode venen, og ei gruppe med små spelemenn fekk vist at laget har ei framtid. Fossegrimen, som vanleg dirigert av Dagfinn Rohde, framførte i si avdeling først den tradisjonelle *Li-gangaren* frå Telemark, arrangert for orkester av Helge Aafloy til Sigbjørn Bernhoft Osa sin 75-års dag i 1985. Fire satsar frå Geirr Tveitt sine *Hundrad folketonar frao Hardanger*, og to satsar frå *Lyrisk Suite* for orkester, opus 54, av Edvard Grieg stod også på programmet. Til slutt kom sjølv hovudverket på konserten: *Skjervheim Jubileumsmedley* for hardingfele og orkester, eit tingsingsverk som Øivind Westby hadde skrive på grunnlag av ein del slåttar av Lars Skjervheim. Samspelet mellom Voss Spelemannslag og Fossegrimen var vellukka, jubileumsmedleyen vart svært godt motteken og er absolutt eit verk som bør framførast oftare. Nain var mest fullsett, publikum sat lydhøyre og gav ståande og entusiastisk applaus då konserten var over.

Til den tradisjonelle adventskonserten valde vi i år eit program med ariar og korsatsar frå dei ulike korprosjekta vi har hatt gjennom åra i tillegg til orkestermusikk. Lars Ragnvaldsen hadde funne fram til 8 korsatsar, som Fossegrimens prosjektkor 2015 byrja innstuderinga av under hans leiing tidleg på hausten. Omlag 50 songarar var med i koret. Søndag 13. desember vart programmet framført i Nain, og orkesterarrangementet av kantatesatsen *Jesus bleibet meine Freude* av Johann Sebastian Bach innleidde konserten. Korsatsen "And the glory of the Lord" frå Händels *Messias* var neste på programmet før solisten, Elise Varne, gav ei inderlig tolking av arien "He shall feed his flock" frå same oratorium. Ho er tilsett som songlærer på musikklinja på Voss Gymnas, og arien "Jerusalem, Jerusalem!" frå Mendelssohns oratorium *Paulus* kom ho også svært godt frå, likeeins det tredje solistnummeret hennar, den kjende "O hel'ga natt" av Adolphe Adam. I mellomtida hadde Edyta Bryk, Øystein Haga og Ann Merete Handegård gitt ei frisk og flott framføring av to satsar frå Brandenburgkonsert nr. 4 i G-dur for fiolin og to fløyter med orkester av Johann Sebastian Bach. Koret kom til sin fulle rett i to satsar frå Mozart sitt rekviem og frå Cherubini sitt rekviem i c-moll. I korsatsen "Die Himmel erzählen" frå Haydns oratorium *Skapelsen* hadde Mari Bryn, Knut Bryn og Lars Ragnvaldsen korte solistinnslag, sistnemnde også i satsen "Ich danke dir, Herr" frå Mendelssohns *Paulus*. To satsar frå Puccinis *Messa di Gloria* var også med, og her var Knut Bryn og Lars Ragnvaldsen igjen solistar saman med koret i "Agnus Dei"-satsen. Konserten vart avslutta med

den populære "Hallelujah"-satsen frå Händels *Messias*. Nain var fullsett av eit publikum som gav uttrykk for at dei sette stor pris på det dei fekk høyra. "Solid jolekonsert. Eit engasjert kor og dyktige solistar gjorde jolekonserten til Fossegrimen gjennomført og gripande" står det å lesa i avisa "Hordaland". Og "Dirigent Dagfinn Rohde styrer det heile og sikrar presisjon og samspel gjennom heile konserten". I pausen fekk Kjell-Erik Ruud overrekk Voss Kommune sin kulturpris for 2015 av leiar for Miljø- og kulturutvalet Vidar Skeie.

Orkesteret Fossegrimen har i 2015 igjen hatt eit aktivt år. Vi har gjennomført fem ulike konsertprogram med tildels krevjande musikk fordelt på 6 framføringar i Osterøy og Voss kommunar. Dei ulike konsertprosjekta har vore vellukka og har halde eit høgt musikalsk nivå, og publikumsinteressa har igjen vist ein gledeleg auke med gjennomsnittleg 130 tilhøyrarar på kvar konsert, tilsaman rundt 800 personar i 2015. Sjølv om dette talet er oppløftande, så har vi sjølvsagt som mål å auka publikumstalet endå meir. I ei tid med ei mengd ulike tilbod er det ei stor utfordring for orkesteret å få fleire til å koma og høyra på det vi har å by på. Men Fossegrimen sitt omdøme er godt, og det er gledeleg å sjå at det trass i alt er så mange nyttar høvet til å oppleva "levande" orkestermusikk.

Musikarane i Fossegrimen er trugne og støttar heilhjarta opp om verksemda. Men gjennomsnittsalderen til medlemene er stigande, og rekrutteringa til orkesteret er diverre urovekkjande låg. Vi skulle gjerne hatt med mange fleire yngre musikarar. Nye, yngre krefter er heilt naudsynte for at orkesteret skal kunna halda fram med verksemda si. Interessa og engasjementet som den einskilde orkestermusikaren har er den viktigaste føresetnaden for at vi har eit orkester som Fossegrimen. Mange har ein lang og krevjande arbeidsdag bak seg når dei kjem på øving, men samspelet i den store gruppa er inspirerande og givande, og ofte er ein meir opplagd etter ei øving enn på førehand. Orkesterspel er eit fellesprosjekt, ein invitasjon til samarbeid. Her er ingen konkurranse musikarane imellom, kvar einskild muskar bidreg med sitt etter beste evne, og alle er viktige for heilskapen. Effektive øvingar under dugande og trygg leiing er avgjerande for at Fossegrimen skal halda eit tilfredstillande nivå og utvikla seg vidare - utan dirigenten og gruppeleiarane hadde vi ikkje nådd dei musikalske måla vi har sett oss. Dei får oss amatørar til å oppleva meistring og glede ved saman å framføra fin musikk, sjølv om notane ved første gjennomspeling ser vanskelege ut. Utan denne iveren og viljen til "å lyfta i flokk" hadde ikkje Fossegrimen fungert som eit regionalt symfoniorkester, og kvar einskild av oss hadde ikkje fått oppleva den gleda det er å spela i eit stort orkester, gleda ved å oppleva orkestermusikk "frå innsida".

2015 har vore eit godt år for Orkesteret Fossegrimen, og med regelbundne konsertar held det fast ved profilen som det regionale symfoniorkesteret det ynskjer å vera.

Voss, den 16. februar 2016

Peder Ringdal

Halvard Bjørge

Brynjulv Norheim

Knut Brunvoll

Bridget Penny



# KONSERTPROGRAM - PRESSEKLIPP



## Konsert

Voss kulturhus

Søndag 22. mars 2015

*Solist:*

**Alexander Aluf** – waldhorn

*Medverkande:*

**Elevar ved Voss kulturskule**

*Dirigent:*

**Dagfinn Rohde**

Bedrich SMETANA: "Die Moldau" for orkester; arr. Robert Bennett Brown

Antonín DVORAK: Slavisk dans for orkester, opus 46 nr. 8; arr. Merle J. Isaac

Wolfgang Amadeus MOZART: Konsert for horn og orkester nr. 3, Ess-dur, KV 447

1. *Allegro.*
2. *Romanze. Larghetto.*
3. *Allegro.*

Kurt WEILL: Symfoni nr. 2 (1934)

1. *Sostenuto. Allegro molto.*
2. *Largo.*
3. *Allegro vivace. Presto.*

*Konserten vort støtta av*

**Voss kommune og Hordaland fylkeskommune**

*Orkesteret Fossegrimen sin hovudsponsor 2014-2016:*



*Neste konsert med Orkesteret Fossegrimen er søndag 31. mai i Voss Kino*

# Fossegrimen gjev dei unge meir plass

Orkesteret Fossegrimen vil i aukande grad bruka kulturskuleelevane på sine konsertar i framtida. **Mathias Sønnesyn** (12) hang godt med på taktane på søndagens konsert.

Sundag kveld spelte Orkesteret Fossegrimen konsert i Voss kulturhus, og på det fyrste verket sat dei unge rekruttane frå Voss kulturskule på bakarste rad i orkesteret. Fossegrimen nyttar seg ofte av kulturskuleelevane på sine konsertar, og dette er noko dei no ynskjer å gjera oftare enn tidlegare.

– Dette er dei som kanskje skal spela i Fossegrimen i framtida. Derfor tykkjer me det er viktig at dei får vera med allereie no, med musikk som er tilpassa deira mogningsnivå. Me har eit mål om å ha elevane med på fleire konsertar i framtida. Det me har sett og høyrte så langt er veldig lovande, seier dirigent Dagfinn Rohde.

## ELEVANE MED PÅ TSJEKKISK.

Kulturskuleelevane hang godt med dei vaksne på det fyrste stykket. Her spelte dei Robert Bennett Brown sitt skulekonsertarrangement av den tsjekkiske komponisten Bedrich Smetana sitt mektige verk, «Die Moldau». Smetana er ein av tsjekkias mest kjende nasjonale komponistar, og han skreiv stykket på 1870-talet. Han leid same skjebne som Beethoven, og vart død i 1874. Dette var altså medan han skreiv «Die Moldau», og han fekk nok aldri høyra korleis resultatet vart.

Resultatet på kulturhuset i går vart derimot ei veldig bra oppleving. Det var inspirerende å sjå korleis dei unge spela saman med Fossegrimen på «Die Moldau», og korleis dei saman tok oss med inn i den drøymande melodien i stykket.

## MAJESTETISK SLAVEDANS.

Etter at kulturskuleelevane var ferdige med sitt bidrag for kvelden, tok Fossegrimen ferdighetsnivået opp nokre hakk med Antonin Dvorak sin velkjende «Slavisk dans nr. 8». Dvorak var bratsjist i Smetana sitt operaorkester, og skreiv «Slaviske dansar» i 1860-åra.

Fossegrimen framfører den slaviske dansen på ein imponerende måte. Musikken er ikkje anna enn majestetisk og storslått, ei skikkeleg oppvakning. Paukene går varme, og dansen avsluttast med eit brak.

**WALDHORN-SOLIST.** På konserten hadde Fossegrimen fått med seg den russiske waldhornisten



**REKRUTTANE:** Elevar frå Voss kulturskule hjalp til på det fyrste stykket på konserten. Frå venstre: Mathias Sønnesyn, Andrea Punt, Gosia Kozak, Margrethe Lid og Nina Trana.

Alexander Aluf som solist. Han har vore med i Fossegrimen dei seinare åra, og har vore tilsett som hornist i Bergen Filharmoniske Orkester sidan 2006. Aluf og Fossegrimen framførte Wolfgang Amadeus Mozart sin «Konsert for horn og orkester nr. 3 i Ess-dur», frå 1783. Dette er ein av fire hornkonsertar som Mozart skreiv til sin gode ven, hornisten Joseph Leutgeb. Leutgeb mista tennene på sine eldre dagar, noko som ikkje er særleg bra for ein hornist. Det var i alle fall klart at solist Aluf hadde alle tennene intakt på konserten i Voss kulturhus. Han framførte fleire sterke soloar gjennom dei tre delane, den tredje med eit imponerende raskt tempo.

**INN I EI ANNA VERD.** På slutten av konserten reiser Fossegrimen kring 150 år fram i tid, med den tysk-amerikanske komponisten Kurt Weill sin «Symfoni nr. 2» frå 1934. Weill var jøde, og flykta frå Tyskland i 1933 då nazistane fekk makta. Han enda etter kvart opp i USA og fekk amerikansk statsborgarskap. Denne symfonien skreiv han i eksil i Paris under flukta.

I stykket som består av tre delar får me høyra eitt heilt anna tonespråk enn tidlegare på kvelden, med dystre tonar og kompliserte rytmar. Innimellom læt det nesten som filmmusikken til ein skrekkfilm, med majestetiske molllonar og mystisk klimpretakt på felestrengene. Her tek Fossegrimen oss med inn i ei anna verd, der det er umogleg å foresjå kva det neste vert. Det er spennande, og det er forfriskande å høyra på.

**– ORKESTER ER BEST.** Etter konserten er Mathias Sønnesyn (12)



**SOLISTEN:** Russiske Alexander Aluf på waldhorn var solist på søndagens konsert, på ein av Mozart sine hornkonsertar.

frå kulturskulen nøgd med nok ein gjennomført framferd med Orkesteret Fossegrimen. Dette var tredje gong han spela med dei, og han innrømmer at han tykkjer det er stort.

– Eg likar betre å spela i orkester enn å spela åleine. Då høyrest det ikkje så godt om du spelar feil, for det er så mange. Eg kan verta ganske nervøs om det berre er meg, men

eg klarar det òg, seier han.

Mathias har tre år bak seg som felespelar, og slik det ser ut no kan det fort verta nokre år til.

– Eg har lyst å spela i orkester når eg vert stor, men eg veit ikkje heilt kva for eitt. Kanskje Fossegrimen?



# KONSERT

med unge musikarar frå Lindås, Osterøy og Voss

Valestrand skule - laurdag 30. mai 2015

Gamle Voss Kino - søndag 31. mai 2015

*Dirigent:* **Dagfinn Rohde**

*Konferansier:* **Kristoffer Kleiveland**

Geirr TVEITT: Frå "Hundrad folketonar frao Hardanger", opus 151  
*Velkomne med æra. Flyteljod.*

Wolfgang Amadeus MOZART: Rondo frå hornkonsert nr. 4, Ess-dur, KV 495  
*Solist: Maria Tysse (althorn)*

Ole BULL: Frå "Et Sæterbesøg"; arr. Johan Svendsen  
*Solist: Julie Røssland (klarinet)*

Edvard GRIEG: Norsk dans for orkester, opus 35 nr. 2

Edward ELGAR: "Salut d'Amour" for cello og orkester  
*Solist: Åshild Brunvoll (cello)*

Vanja VATLE: "Du stod der og lo"; arr. Frank Windt  
*Solist: Vanja Vatle (vokal)*

Henry PURCELL: Rondeau for strykarar

Bent FABRICIUS-BJERRE: Tema frå "Flåklypa" for orkester; arr. Frank Windt

Klaus BADELDT: "Pirates of the Caribbean"; arr. Ted Ricketts

*Konsertane vert støtta av:*


**Osterøy kommune, Voss kommune, Hordaland fylkeskommune**

*Orkesteret Fossegrimen sin hovudsponsor 2014-2016:*






**SYMFONISK DEBUT:** Vanja Vatlé frå Valestrand song solo framfor fullt symfoniorkester for første gong. — Det var fantastisk gøy, seier ho.



**MOZART:** Maria Tysse spelte althorn på «Rondo frå hornkonsert» av Wolfgang Amadeus Mozart.



**SPELEMANN:** Konferansier Kristoffer Kleiveland kunne meir enn å snakka, og drog til med eit tema frå Flåklypa-filmen.

# Då Fossegrimen kom til Valestrand

Det vart ei herleg og mangslungen symfonisk oppleving for dei framømte i gymsalen på Valestrand skule laurdag kveld.

**Odd Mehus**  
bn@bygdanytt.no

Her fekk dei rundt hundre framømte oppleva det regionale symfoniorkesteret Fossegrimen frå Voss saman med lokale, unge talent frå Osterøy, Lindås og Voss. Nokre av dei fekk også prøva seg som solistar framfor det store orkesteret.

Med eit musikalsk program som spente frå Ole Bull, Mozart og Flåklypa til Vanja Vatlé frå Valestrand fekk publikum i gymsalen servert mange musikalske godbitar.

Og nettopp Vatlé utmerka seg ved å framføra sin eigen song «Du stod der og lo» med fullt symfoniorkester i ryggen.

**-Fantastisk gøy!** — Det er første gong eg er med på noko slikt, det var veldig kult, seier den unge songaren etter konserten.

— Det var utfordrande å treffa med «timinga» når orkesteret består av så mange ulike musikarar, men det var fantastisk gøy, seier Vanja, som gjerne gjer dette igjen ein annan gong.

**Ung, men røynd!** Gymnasiasten Åshild Brunvoll frå Voss drøymer om ei cellist-karriere, og bidrog som solist med «Salut d'Amour» av Edward Elgar. Ho er, trass sin unge alder, ganske røynd

med symfoniorkester. Ho har tidlegare vore med i Fossegrimen.

**Mozart, Bull og Flåklypa!** Maria Tysse på althorn og Julie Røssland på klarinett gjorde også flotte solistprestasjonar med kvart sitt stykke av Mozart og Ole Bull.

I tillegg tok konferansier Kristoffer Kleiveland med seg trekkspilet, og skreiv seg på solistlista med eit tema frå filmen «Flåklypa».

**To samlingar!** Konserten er eit resultat av at strykarinstruktørane ved kulturskulane på Osterøy og Voss byrja å snakke saman. Det har så langt ført til to samlingar saman med strykarar frå Lindås og Fossegrimen, og enda altså opp i konserten på Valestrand laurdag, og Voss søndag.

**Vil fremja orkestermusikken!** Orkesteret Fossegrimen vart starta så langt tilbake som i 1917, og er eit regionalt symfoniorkester. Utanom dei store byane er det ikkje mange slike orkester igjen i landet. Det byrja med ei gruppe interesserte amatørmusikarar, og etterkvart har orkesteret vakse fram til det det er i dag; eit fullt symfoniorkester. Fossegrimen arbeider for å fremja interessa for levande orkestermusikk på Voss og i grannekommunane.



**BULL:** Klarinettisten Julie Røssland spelte «Et Sæterbesøg» av Ole Bull.

# Etterlyser spelelystne

**Fossegrimen brukar våren til ein storstila sjarm-offensiv. Målet er å tenna ny glød hjå fråfalne orkestermedlemer.**

– Me driv akkurat no og øver inn programmet til ein konsert siste helga av mai, seier styremedlem og fiolinist Knut Brunvoll.

– Ein konsert med likt og ulikt, og der delar av programmet er så enkelt at det ikkje krev veldig mykje øving. Difor håpar me å nå tak att i folk som har vore med oss tidlegare, men som kanskje slutta fordi repertoaret vart for krevjande.

## Samarbeidsprosjekt

Mai-konserten er elles eit samarbeidsprosjekt med kulturskulane på Voss og på Osterøy. Bakgrunnen for eit slikt samarbeid ligg i at cellolærar (og distriktsmusikar) Gunn-Berit Kleiveland kjem frå Osterøy, og har minst eit par fingrar med i spelet begge stader.

– Og ikkje minst har me fleire solistar med frå Osterøy, seier Kleiveland. Spennvidda mellom dei, fortel også kor vidt konsertprogrammet femner.

– Vanja Vatile var finalist i Melodi Grand Prix junior i fjor, med låten «Du sto der å lo», medan Maria Tysse vert solist på alt-horn i ein sats frå ein Mozart-konsert. Konsertprogrammet omfattar elles både svisker frå Flåklypa-filmen og utdrag frå Geirr Tveitt sine Hardingatonar. Nyoppplodde medlemer vil dermed ha sjansen til å ta del både på Fossegrimen sin faste øvingskveld måndagar, men òg på øvingar saman med kulturskuleborna.

– Det er berre å ta kontakt, så finn me den beste ordninga for



**FOSSEGRIMEN TRENG DEG:** – Utruleg kjekt å spela saman, men me treng endå fleire i rekkjene våre, seier Gunn-Berit Kleiveland og Knut Brunvoll, som her gjev Hordaland ein intimkonsert frå kulturhustaket.

kvar enkelt, seier Kleiveland og Brunvoll.

## Både Osterøy og Voss

– Nyttende medlemer vil her òg få sjansen til å møta to heilt ulike konsertpublikum, reklamerer Knut Brunvoll.

– Fyrst på Valestrandsfossen laurdagen, der konserten også har fått namnet: Då Fossegrimen kom til bygda. Deretter sundagen, der programtittel ikkje er fastlagd. Men kanskje me skulle prøva oss med: Då Fossegrimen kom heim att? Her i bygda er elles Gamlekinoen konsertarena.

Både Kleiveland og Brunvoll understrekar konserten sitt

uhøgtidlege preg. – Og det er ingen problem å ta del på den lettaste biten av programmet, og stå over dei vanskelegare stykka, seier dei.

Dirigent for konserten vert elles Fossegrimen sin faste taktmeister Dagfinn Rohde.

## Felles speglede

– Fossegrimen er med sin faste stamme på godt 30 musikarar i tynnaste laget på fleire felt, supplerer Peder Ringdal, mannen som gjennom fleire tiår har fronta bygda sitt symfoniorkester.

– Ikkje minst på strykarar, men òg i blåserekkje. Difor håpar me å kunna supplera inn att ein del

tidlegare medlemer på delar av konserten. Det overordna målet er likevel å få dei permanent inn att i stallen, frå hausten, vedgår han.

– Orkestermusikk er elles unik, som fellesarena for unge og eldre. I motsetning til fotballen, kan ungdom og pensjonistar møtast på like fot og til felles glede i samspelet. Og undervegs lyser det av glede hjå alle over det som i fellesskap vert skapt, seier Ringdal.


ROLF TEPSTAD | tekst og foto  
rte@avisa-hordaland.no



SYLVSMIDJA – 75 års jubiléumsmiddag tirsdag 15.09.15 fra kl. 18:55  
på Park Hotell Vossevangen

### PROGRAM

Mens gjestene får servert aperitif i baren (5-10 min.):	Franz SCHUBERT	Militærmarsj nr. 1	05:18
	Carl Michael ZIEHRER	Herreinspaziert	08:57
Velkommen v/styreformann			
Presentasjon av forret og vin v/Bruse Andersen			
Mens retten blir servert (5-10 min.):	Vittorio MONTI	Czardas	05:12
	Anton RUBINSTEIN	Solist: Håkon Asheim	
	Johannes BRAHMS	Melodie	03:45
		Vals	01:30
Presentasjon av hovedrett og vin v/Bruse Andersen			
Mens hovedretten blir servert (8-10 min.):	Jacob GADE	Jalousie	04:06
	Dimitrij SJOSTAKOVITSJ	Solist: Edyta Bryk	
	Franz SCHUBERT	Vals nr. 2 frå Jazz Suite nr. 2	03:14
		Moment Musical	01:50
Taler ( her kan det ta litt tid)			
Presentasjon av dessert og vin v/Bruse Andersen			
Mens desserten blir servert (5-10 min.):	Johann STRAUSS	Wein, Weib und Gesang	08:00
	Kurt NOACK	Heinzelmännchens	
		Wachtparade	06:14
Takk for maten - tale			
Avslutning ():	Georges BIZET	Carmen	02:35
Evt. ekstranr.:	Scott JOPLIN	The Entertainer	05:46
Kaffe avec			



Osafestivalen



# Hyllestkonsert til Lars Skjervheim

Nain, Voss - søndag 25. oktober 2015

*Konferansier:*

**Ragnhild Blikberg**

**Voss Spelemannslag** - *leiar:* Arne Anderdal

Slåttar av og etter Lars Skjervheim

*Solospel av*

Margunn Blikberg Nordgård, Håkon Høgemo og Leif Rygg

\*

**Orkesteret Fossegrimen** - *dirigent:* Dagfinn Rohde

arr. Helge AAFLØY: "Li-gangaren" for orkester

Geirr TVEITT: Frå "Hundrad folketonar frao Hardanger, opus 151  
*Du - Storskrytarstev - Friar-føter - Hastverksbrudlaup -  
Kjømeister-visa*

Edvard GRIEG: Frå Lyrisk Suite for orkester, opus 54  
*Gangar - Trolldtog*

\*

arr. Øivind WESTBY: Skjervheim Jubileumsmedley



*Voss kommune  
Hordaland fylkeskommune*



SENTRAL: Tolv år gamal vart Leif Rygg kjend med Lars Skjervheim. Sidan vart Skjervheim ein læremeister og ven for Rygg.

# Historiske tonar

## Orkesteret Fossegrimen og Voss Spelemannslag spela saman for fyrste gong i Nain søndag.

Hyllestkonserten til Lars Skjervheim vart ei verdig, vakker og spennande markering av at det er hundre år sidan Lars Skjervheim vart fødd. Konserten, som også var avslutningskonsert på Osafestivalen, var delt inn i tre, med ein spesielt flott avslutningsdel. Der spela orkesteret og spelemannslaget saman.

– Det var fyrste, men det kan ikkje ha vore siste gongen me spelar saman. Eg håper verkeleg me får til meir samarbeid, seier dirigent for Fossegrimen, Dagfinn Rohde til Hordaland etter konserten.

– Det bør absolutt vera mogeleg at Fossegrimen og Voss Spelemannslag held fleire konsertar saman, seier Leif Rygg i spelemannslaget.

### 300 slåttar

Konferansier Ragnhild Blikberg leia publikum i Nain gjennom konserten med mange historiske tilbakeblikk på Skjervheim sitt liv og musikken til ein av bygda sine største spelemenn. Han var fødd og oppvaksen i Myrkdalen. Etter eit langt og omflakkande liv, m.a. som bygningsarbeidar, busette han seg på Skjervheim i 1981. Og her budde han fram til han døydde i 2003.

– Skjervheim skreiv ikkje mindre enn 300 slåttar og andre tonestykke, kunne Blikberg fortelja. Fyrste bolken i programmet var det spelemannslaget som stod for. Her spela dei slåttar av og etter Skjervheim. Spelemannslaget opna med Gamleslåttan.

Det vart solospela av Hákon Høgemo, Leif Rygg og Margunn Blikberg Nordgård.



SAMARBEID: Orkesteret Fossegrimen og Voss Spelemannslag framførte Skjervheim Jubileumsmedley, som er arrangert for hardingfeler og orkester av Øivind Westby.



FRAMTIDA: Sjur Bidne, Anders Møen, Ola Herheim og Anders Gilbakken var mellom dei unge som slapp til på jubileumskonserten.

Høgemo, som var elev av Skjervheim i mange år, spela Rudl etter Sigurd Borge, som var Lars Skjervheim sin læremeister. Margunn Blikberg Nordgård spela Von, medan Leif Rygg spela ein slått frå Myrkdalen, Bygdatråen.

Unge gitar i Guttaboys viste at det er ei god framtid i spelemannslaget.

### Bernhoft Osa

Fossegrimen under leiding av dirigent Dagfinn Rohde framførte Ligangaren, som er ein tradisjonell slått frå Telemark. Denne vart arrangert for orkester av Helge Aafloy til 75-årsjubileumskonserten for Sigbjørn Bernhoft Osa i 1985. Så gjekk orkesteret over til å spela utvalde satsar frå Geirr Tveitt sine Hardingtonar,

opus 151. Og dei avslutta med vakker framføring av Edvard Grieg sin Lyriske Suite, opus 54. Her spela orkesteret to satsar – Gangar og Trolldog.

### Sterk arrangement

Så var det klart for høgdepunktet: Orkesteret Fossegrimen saman med Voss Spelemannslag framførte Skjervheim Jubileumsmedley, som er samansett av fleire av Lars Skjervheim sine mest kjende slåttar. Øivind Westby har arrangert dette for hardingfeler og orkester. Dette verket vart tinging til 100-årsjubileet av Voss Spelemannslag.

Publikum sat lydhøyre, nikka anerkjenande og applauderte skikkeleg då det heile var over.

– Øivind Westby har gjort ein svært god jobb med arrange-

mentet. Noko som gjorde oppgåva vår lettare, seier Dagfinn Rohde.

– Eg trur Lars hadde likt denne konserten. Han kunne vera konservativ på mange måtar. Han likte at slåttane vart spela på tradisjonell vis. Men han kunne også vera open for nytenking. Dette kom mest fram då han sjølv komponerte, seier Leif Rygg. Som tolvåring vart han kjend med Skjervheim. Sidan vart den kjende spelemannen ein læremeister og ein god ven av Rygg.

– Eg minnest han med glede, og eg har mykje å takka han for, seier Leif Rygg.





# KONSERT

Nain, Voss - søndag 13. desember 2015

Solistar:

**Elise Varne** - sopran

**Edyta Bryk** - fiolin

**Ann Merete Handegård** - fløyte

**Øystein Haga** - fløyte

**Fossegrimens prosjektkor 2015**

Korinnstudering:

**Lars Ragnvaldsen**

**Orkesteret Fossegrimen**

**Elevar ved Voss kulturskule**

Dirigent:

**Dagfinn Rohde**

*Fossegrimen sin hovudsponsor:*



*Fossegrimen får stønad frå:*



HORDALAND  
FYLKES-  
KOMMUNE



VOSS  
KOMMUNE



**HØG KVALITET:** Sopran Elise Varne song inderleg og vakkert, og heldt høg teknisk kvalitet. Det fylte lokalet gjekk diverre noko ut over akustikken.



**BREIE KVALITETAR:** Både orkesteret og koret fekk vist spekeret i talenta sine gjennom eit solid repertoar.



**FULLSETT LOKALE:** Som vanleg drog Fossegrimen mange til Nain søndag kveld.

# Solid jolekonsert

Eit engasjert kor og dyktige solistar gjorde jolekonserten til **Fossegrimen** gjennomført og gripande.

Det er fullt i Nain under Fossegrimens jolekonsert. Stolane står tett, og det er trangt om plassen. Fossegrimen har ein etablert posisjon hjå vossingane, og dette sikrar høge publikumstal – og forventningar.

**ALDRI KEISAMT.** Orkesteret, koret og solistane innfrir. Jolekonserten startar med fløyelsmjuke tonar frå Johann Sebastian Bach. Den vakre klangen sit att i lokalet lenge etter at tonane er sunge, og koret gjev ei mek-

tig framstilling av «Jesus bleibet meine Freunde».

Gjennom Georg Friedrich Händel sitt oratorie «Messias» får me høyra solist og sopran Elise Varne. Stemma hennar framstår mjuk og inderleg, og ho held eit høgt nivå teknisk.

Verket er vakkert, gripande og tidvis sprekt. Eit par gonger vert ein teken med på uventa vendingar i musikken, og det er aldri keisamt.

Dessverre forsvinn stemma til Varne noko. Det fulle lokalet går ut over akustikken, men dette er likevel lite å gjera noko med.

**SPENNANDE KONTRASTAR.** Frå det vakre, via det gripande, til det kontrastfylte. Fossegrimen framfører frå Wolfgang Amadeus Mozart sin «Requiem» og byr på musikalsk spenning. Her får dei verkeleg vist fram spekeret i talenta sine, og dei går frå den ljoasaste sopran til den mørkaste bass.

Musikken byggjar seg nedanfrå og opp, frå noko stakkato-liknande til mjuke tonar som flyt behageleg over i kvarandre.

Her får både orkesteret og koret vist kva dei er gode for, og solistane på fiolin og fløyte meistrar utfordringane ypparleg.

**ENGASJERT KOR.** Dirigent Dagfinn Rohde styrer det heile og sikrar presisjon og samspel gjennom heile konserten.

Koret er engasjert, og det er tydeleg at dei trivst i posisjonen sin. Det gjev ein ekstra positiv dimensjon til konsertopplevinga. I «O helga natt» er det koret som set prikken over i-en, og ein vert sikra jolesteming.

Årets jolekonsert frå Fossegrimen er stødig framført frå ende til annan, og med eit solid repertoar får dei vist fram spekeret i kvalitetane sine.

LISA MARIA B. SØLVBERG | tekst og foto  
lms@avisa-hordaland.no